

Informasjon til innbyggjarane i Ålesund kommune om mogleg kommunedeling

Kommunane Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund blei 1. januar 2020 slått saman til det som no er Ålesund kommune. Haram blei tvangssamanslått, og den nye regjeringa har opna for at slike kommunar kan bli sjølvstendige igjen. Ei gruppe innbyggjarar i Haram har bedt om ei folkeavstemming om dette.

Ålesund kommunestyre har bestemt at dei som bur i tidlegare Haram kommune skal ha ei rådgivande folkeavstemming 3. mars, før kommunestyret gjer endeleg vedtak 17. mars.

Kommunen engasjerte konsulentselskapet BDO til å lage ei utgreiing om konsekvensane av ei mogleg kommunedeling. I denne brosjyren finn du ein kortversjon av kva dei kom fram til. Dersom kommunen blir delt i to vil det i stor grad påverke begge dei nye kommunane og alle innbyggjarar. Ålesund kommune gir deg derfor denne brosjyren.



Kva blir konsekvensane av ei kommunedeling?

Siste kommunedeling i Noreg var i 1977. Ingen av kommunane som blei tvangssamanslått med verknad frå 2020 har så langt vedtatt å søke om oppløysing. Dermed er det lite samanlikningsgrunnlag og erfaringar å dra nytte av.

Konsulentselskapet BDO si konsekvensutgreiing om Haram og det som vil stå igjen av Ålesund baserer seg på følgande: Økonomiske analysar, dokument, og intervju med leiarar i kommunen, tillitsvalde, folkevalde og representantar frå næringslivet.

BDO si samla vurdering er at det vil vere ein betydeleg risiko knytt til å skilje Haram frå dagens Ålesund kommune. Nedanfor er eit utdrag frå deira rapport.

Utvikling av regionen

Det er ei bekymring for at ei kommunedeling vil kunne dempe slagkrafta til og trykket på utvikling av Ålesundregionen. Regionbygging handlar om å realisere gevinstar og synergjar på tvers av kommunegrensar, og mindre merksemd på dette vil etter BDO si vurdering vere negativt for regionen som heilskap, ikkje berre for Ålesund og Haram.

Økonomi

Ålesund kommune er i ein alvorleg økonomisk situasjon. Det må gjerast betydelege reduksjonar i driftsrammene for tenesteområda for å unngå ROBEK og samtidig bygge ein solid kommuneøkonomi. ROBEK er eit register med kommunar som har stor økonomisk ubalanse og derfor blir sett under statleg styring der dei må få godkjent budsjett og låneopptak.

Ei utskiljing av Haram vil ikkje gjere behovet for reduksjonar mindre. Det vil heller tilføre risiko for at effektiviseringsgevinstane ikkje kan hentast ut som planlagt og at det blir vanskelegare å redusere kostnader, særleg for Haram kommune.

Kostnadene knytt til å skilje ut Haram kommune vil vere betydelege og er estimert til eit intervall mellom 60 og 70 millionar kroner.

Dersom staten dekkjer kostnadane for gjennomføringa, vil det likevel vere svært ressurskrevjande for kommunen. Ei rekke sentrale leiarar og medarbeidarar vil få ei betydeleg arbeidsbelastning og bruke mykje tid på ein ny prosess og tilrettelegging for ein eventuell ny kommune. Denne ressursbruken er ikkje råd å talfeste. Dette er tids- og ressursbruk som alternativt kunne vore brukt til tenesteutvikling, betra styring og leiing.

BDO sine utrekningar tyder på at det sannsynlegvis ikkje vil bli gode økonomiske kår i ein nyetablert Haram kommune. Netto driftsrammer i ein ny Haram kommune vil vere betydeleg lågare enn dei var i den tidlegare kommunen. Dette trass i at eigedomsskatt no er tatt med i kalkylene for økonomien i Haram, i motsetnad til det som var tilfelle i 2019.

Det er særleg interesse knytt til Haram kommune sin finansformue per 31. desember 2019 og korleis den skal delast. Finansformuen må handterast på same måte som andre egedelar, gjeld og eigenkapital, og overførast til Haram kommune ved ei kommunedeling.

Kommunen sitt ubundne investeringsfond kan brukast til investeringar eller nedbetaling av gjeld, alternativt kan avkastninga på finansformuen brukast til kommunal drift.

BDO har vidareført føresetnadane om vedtekne netto avsetningar i gjeldande økonomiplan og fordelt avsetningane slik dette var i 2019.

Tabell 1

| Økonomisk oversikt Ålesund, utan Haram | Rekneskap 2019, justert til 2021 kroner | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Netto driftsrammer til fordeling på tenesteområda | 3 622 618 | 3 408 612 | 3 382 746 | 3 360 722 | 3 360 722 |
| Meir (+) / mindreforbruk | 42 497 | -32 415 | -40 437 | -45 334 | -45 334 |

Ved deling vil Ålesund u/Haram få eit mindreforbruk som kan fordelast til drift eller brukast til å bygge opp disposisjonsfondet.

Tabell 2

| Økonomisk oversikt Haram | Rekneskap 2019, justert til 2021 kroner | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 |
|---|---|---------|---------|---------|---------|
| Netto driftsrammer til fordeling på tenesteområda | 587 093 | 539 993 | 535 896 | 532 407 | 532 407 |
| Meir (+) / mindreforbruk | -16 720 | 33 287 | 40 311 | 45 207 | 45 207 |

Utrekningane viser at Haram kan få eit årleg meirforbruk mellom om lag 33 og 45 mill. kr. i perioden 2022-2025.

Tabellforklaring: Netto driftsrammer til fordeling på tenesteområda ved deling for dei to kommunane. Tabell 1 viser Rest-Ålesund, tabell 2, Haram. Tal i 1000 kroner. Kjelde: Ålesund kommune, SSB og Telemarksforskning. Utrekningar: BDO. For heilskap i utrekningane, sjå heile rapporten.

Tenester og utøving av mynde

Det er uklart i kva grad alle tenester kan vidareførast som i dag med tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse. Konsekvensane for tenester avheng i stor grad av dei økonomiske rammene dei to framtidige kommunane vil måtte driftast under. Dagens kapasitet og kompetanse på tvers av kommunalområde og tenester blir framstilt generelt som god, men sårbar for ei rekke funksjonar. Legetenesta er eit døme.

Dersom dei mindre robuste fagmiljøa blir splitta opp og fordelte på to kommunar vil dei bli endå meir sårbare, for eksempel knytt til «turnover» og fråvær. Det er derfor ein risiko for at ei deling kan påverke dei to kommunane si evne til god myndeutøving, forvaltning og tenesteproduksjon dersom dei kvar for seg ikkje klarer å halde oppe kompetanse på eit breitt spekter av fagområde.

Når det gjeld stadbundne tenester (til dømes skular, barnehagar og institusjonar) er BDO si samla vurdering at desse i mindre grad vil påverkast av ei eventuell kommunedeling.

I dei formelle prosessane ligg mellom anna reservasjonsrett. Arbeidstakar kan motsette seg at arbeidsforholdet blir overført til ny arbeidsgivar. **Det er ein betydeleg risiko for at tilsette kan nytte seg av reservasjonsrett ved ei utskiljing av Haram.**

For Haram sin del er det ein potensiell konsekvens at kommunen vil stå utan nødvendig kapasitet og kompetanse for å vareta oppgåver og mynde som ein generalistkommune. Bruk av reservasjonsretten vil òg kunne føre til overtalige i Ålesund kommune.

I fleire år har det vore store endringar og ekstra oppgåver i høve kommunesamanslåinga, korona og den pågåande omorganiseringa. Dette har gjort at tilsette er trøytte av endringar og mindre motiverte til nok ei omstilling til ein ny organisasjon.

Kommunen sine sentrale stabar er redusert med om lag 50 årsverk, slik at det no er mindre kapasitet til å legge til rette for god styring parallelt med ein delingsprosess. Dette kan gjere organisasjonen ekstra utsett og fører til ytterlegare auka risiko i prosjektarbeidet fram mot ei eventuell deling.

Samfunnsutvikling og lokaldemokrati

Ei utskiljing vil kunne ha ein positiv effekt på lokaldemokratiet i Haram, ved at innbyggjarane kjem tettare på både folkevalde og politiske problemstillingar. Dette må likevel vegast opp mot potensielle ulemper som habilitetsutfordringar og tette koplingar mellom dei som tar avgjerder i lokalsamfunnet.

Næringslivet er først og fremst opptatt av gode rammevilkår, uavhengig av kommunegrenser. Ved ei eventuell utskiljing vil begge kommunane måtte jobbe saman for å sikre gode og forføreseielege rammevilkår.

Mykje av det gode samarbeidet mellom næringsliv og kommunen i det som blir kalla Haram-modellen, har blitt vidareført i nye Ålesund kommune. Når det gjeld samarbeid mellom øyane peikar fleire på at utskiljing av Haram vil avskjere Sandøy frå resten av Ålesund kommune. **Det vil danne ein eksklave der Sandøy har ein annan kommune mellom seg sjølv og resterande Ålesund kommune.**

! Vil du vite meir?

Heile rapporten og informasjon om prosessen finn du på nettsida alesund.kommune.no/kommunedeling

Kva skjer no?

Bør Haram skiljast ut frå Ålesund og bli ein eigen kommune igjen? Dette er tema for ei meningsmåling og ei rådgivande folkeavstemming dei næraste vekene. Dette er datoane du bør få med deg:

Kva blir konsekvensane?

Selskapet BDO har laga ei utgreiing om kva som kan bli konsekvensane av ei kommunedeling for begge dei nye kommunane.

■ 18. februar:

Digitalt folkemøte på Facebook der BDO presenterer si konsekvensutgreiing. Du kan sende spørsmål til BDO via kommunen sine heimesider i perioden 10.–17.2.

Kva meiner du som innbyggjar om kommunedeling?

Alle innbyggjarar over 16 år kan få anledning til å seie si mening når selskapet Norfakta Markedsanalyse skal ringe til eit utval.

■ 18.–25. februar:

Opinionsundersøking. Dei utvalde blir oppringt via eit fasttelefonnummer som startar på 73 84. Nytt sjansen til å seie di mening!



Folkeavstemming

Alle som er folkeregistrert i tidlegare Haram kommune og som er fødd i 2006 eller tidlegare har stemmerett. Du kan stemme der du ønsker – finn vallokale og opningstider på nettsida alesund.kommune.no/kommunedeling.

■ Frå 18. februar:

Brevstemming for deg som ikkje oppheld deg i kommunen i valperioden.

■ 24. februar–1. mars:

Førehandsstemming. Du kan stemme på førehand på innbyggjartorget i Brattvåg, Haram vidaregåande skule og på institusjonane.

■ 3. mars:

Valdag. Folkeavstemminga skjer på Eidet kulturhall, ID-huset, Norborghallen, og skulane på Lepsøy, Haramsøy og Fjørtoft.

Vedtak

Kommunestyret avgjer om ein skal søke Kommunal- og distriktsdepartementet om kommunedeling. Kunnskapsgrunnlaget frå BDO, opinionsundersøkinga og resultatet av den rådgivande folkeavstemminga skal då ligge til grunn.

■ 17. mars:

Møte i Ålesund kommunestyre der kommunedeling-saka blir avgjort lokalt. Du kan følge møtet digitalt.



Heile rapporten og informasjon om prosessen finn du på nettsida alesund.kommune.no/kommunedeling